

ÅRSMELDING - 2021

MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 5 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

Anne Kathrin Melle - fungerande leiar / Sara Larsson, vara (avtrådd leiar) – VSG

Eirik Solstad / vara: Asbjørg Ingeborgvik – NRG

Terje Hurlen/ vara: Merethe Hellevik – MMG

Andor Bjørke /vara: Nils Edmund Stråmyr – ISG

Eirik Sæterbø / vara: Gerd Eva Slettvåg - MNG

Styret har hatt 7 styremøter gjennom året, og totalt 28 saker har vore behandla i løpet av året.

Året 2021

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 21 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2021.

Gjetarhundprøver/Gjeterhundkurs

Gjetarhundseseongen har også i år vore prega av COVID-19. Oppsumert har det tilsaman vore arrangert 8 distriktsprøver med å 277 deltakera, inkl Fylkesmesterskap og Norgesmesterskapet i bruk av Gjetarhund, og arrangert 3 gjeterhundkurs med tilsaman 34 deltakarar og vidare 108 felles-treningar fordelt over de fem lokallaga.

NM 2021

I år vart Norgesmeisterskapet i bruk av Gjetarhund arrangert i Møre og Romsdal av lokallagene VSG og ISG i samarbeid. Staden for arrangementet var på Myrane i Follestadalen, og vart arrangementsmessig ein suksess, sjølv om arrangementskomiteén kun hadde eit halvt år på å planlegge NMét. Økonomisk sett gjorde COVID-19 og den korte planleggingstida dette til eit tilnærma null resultat, og NM komiteén vil komme nærare attende med ein endeleg rapport til MRGL om arrangementet.

På årets NM deltok i alt 7 ekvipasjar frå Møre og Romsdal:

Eva Karin Langseth med Maya og Ally, Knut-Jørgen Oseberg med Floke, Jan Myklebust med Akersborg Rex og Frøya, Atle Arnesen med Lill og Mirk.

Ein av fylkets ekvipasjar kvalifiserte seg til finalen (Jan og Frøya), og resultatmessig NM under ett vart som fylgjer:

1. Jan Myklebust med Frøya på 8 plass
2. Knut-Jørgen Oseberg med Floke på 21 plass
3. Atle Arnesen med Mirk på 43 plass
4. Jan Myklebust med Akersborg Rex på 75 plass
5. Atle Arnesen med Lill på 76 plass

6. Eva Karin Langseth med Maya på 78 plass
7. Eva Karin Langseth med Ally på 87 plass

Resultatmessig kom fylket seg greit ut, men for alle under eitt så mista vi ein hund til neste års NM. Møre og Romsdal har då 4 plasser til NM i Gjetarhund 2022. (Forklaring: til NM 2021 hadde Møre og Romsdal opprinneleg 5 plassar, men sidan fylket vart arrangør fekk vi 1. ekvipasje ekstra, pluss at vi fekk 1. reserve ekvipasjen. Totalt 7.)

MRGL nyttar høve til å gratulere alle med plasseringene og innsatsen i NM 2021

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet vart arrangert i Surnadal på ei stor attelege laurdag 2. oktober, saman med ei påfylgjande distriktsprøve søndag 3. oktober. Dommer gjennom helga var Jan Kåre Ravnøy frå Nordfjordeid. På fylkesmeisterskapet vart det same dagen og arrangert finale for dei 6 beste frå den innleiande runden med dobbelhent og sortering. Etter endt finaleomgang på fylkesmeisterskapet kunne Eva Karin Langseth og Maya smykke seg med tittelen «Fylkesmester 2021». Ho er faktisk den fyrste kvinnelege Fylkesmester i Møre og Romsdal sidan 2008! Eva Karin tok også tittelen «Beste unghund 2021» med hunden Ally.

MRGL gratulerer alle både med titlane og plasseringene.

Unghundcup´n 2021

Unghundcup´n i 2021 vart avgjort gjennom eit sett av distriktsprøver i klasse 2, og vinner av årets Unghundcup 2021 vart Merethe Hellevik med hunden Becca.

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har og i 2021 vore oppdatert av webansvarlig Andor Bjørke. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare sår spirar til nye tiltak rundt om i fylket og styret vil nytte høvet til å oppfordre alle om å sende inn materiale til webansvarlig gjennom mailen: redaksjonen@mrgl.no

Oppsummering

Året 2021 vart noko prega av COVID-19, spesielt i starten av året, og mange av dei planlagde arrangementa i denne perioden vart avlyst.

Styret i MRGL håpar no at situasjonen framover vil ta til å normalisere seg, slik at grasrotarbeidet som kvart einskilt lokallag rundt om driv ved å arrangere distriktsprøver og hjelpe nykommarane kan ta seg opp att. Uten at grasrotarbeidet fungerer godt rundt om vil resultatet bli mindre bruksprov og opptrening av gjetarhunder.

Anne Katrin Melle,

Fungerande leiar, Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL